Medlemmer av formannskapet i Sunnfjord kommune

Utdanningsforbundet Sunnfjord er godt kjend med den økonomiske stoda og utfordringar knytt til naudsynte investeringar i Sunnfjord kommune. Vi er svært uroa over den økonomiske situasjonen, og i lys av behovet for naudsynte investeringar knytt til endringar i demografi er det lett å bli fylt av motløyse.

I formannskapsmøtet 8.november 2024 blei det frå kommunedirektøren lagt fram ei skisse for innsparingstiltak som blir pålagt oppvekstsektoren. Dei føreslegne tiltaka for sektoren er svært dramatiske, og vil ha inngripande konsekvensar for alle involverte partar – elevar, føresette og tilsette. I opplæringslova står omgrepet "til elevens beste" sentralt. Vi ser ikkje at dette omsynet vert vektlagt i mange av tiltaka. Det er dei økonomiske aspekta som åleine rår grunnen.

Vi meiner at ein må sjå på følgjande konsekvensar av tiltaka:

- Plassmangel på Hafstad og manglande utgreiing og finansiering av løysinga for å bygge framtidig felles ungdomsskule, krev ei anna tidslinje enn det kommunedirektøren foreslår
- Ved ei nedlegging av Førde barneskule, har Slåtten skule manglande kapasitet, og ei oppsplitting av barnemiljøa er ikkje til barnets beste. Skulevegen til Flatene/Halbrend vil truleg bli opplevd som utrygg
- Nedlegging av u-steget ved Skei og Viksdalen fører til for lang reisetid for elevar
- Ny ressurstildelingsmodell tek allereie ned drifta i tråd med den demografiske endringa og tilpassar drifta til eit lægre nivå. Ytterlegare kutt i ramma, jf. tiltak G, vil redusere handlingsrommet på skulane til ingenting og utfordre kvaliteten på undervisninga
- UDF Sunnfjord tilrår at ein går bort frå kontinuerleg opptak til barnehage, og går over til 2 opptak per år. Om ein likevel vil halde fast på kontinuerleg opptak, bør slikt opptak leggast til ein eller to barnehagar

- UDF Sunnfjord ønskjer heller ei oppgradering av eksisterande barnehagar, enn at det blir bygd ny barnehage på Slåtten

Kommunedirektøren sitt framlegg om å sjå på organisasjonen Sunnfjord kommune

Vi ser det er få framlegg til endringar av organisatorisk og strukturell karakter i kommunen. Vi meiner det er mogleg å effektivisere drifta i organisasjonen ved å følgje opp dette arbeidet. I og med at effekten på skulestruktur ikkje vil komme før i 2027, er eit vidare arbeid med dette like aktuelt.

For Utdanningsforbundet Sunnfjord

Rune Morten Sande, lokallagsleiar